

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kr 300.000 til arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane. Løyvinga går frå budsjettpost 460.401. Tilrådd fordeling:

Søkn.nr	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Fitjar kommune	Kartlegging av umerka turstiar nærområda der folk bur	60 000
2	Stad kommune	Friluftslivets ferdselsårer i Stad kommune	60 000
3	Stord kommune	Ferdselsårer Stord kommune steg 3 og 4	60 000
4	Ulvik Herad	Plan for friluftslivets ferdselsårer del 1 og 2	60 000
5	Øygarden Kommune	Friluftslivets ferdselsårer steg 3 og 4	60 000
6	Vener av Balestrandsfjella	Keipenstien, Yglebotn	0
	Totalt		300 000

2. kr 450.000 frå budsjettpost 460.400 vert avsett til kompetansehevande tiltak:
 - informasjonsmøte for kommunane
 - erfaringsamlingar
 - bidra kommunane med å nytte datagrunnlaget aktivt og utføre tiltak
 - motivere resten av kommunane til prosjektdeltaking i 2021 - 2023
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å setje av kr 434.000 frå budsjettpost 460.400 til fordeling til plan for friluftslivet ferdselsårer våren 2021.
4. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får mynde til å tildele fondsmidlar, kr 1.184.759, til kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane til ferdigstilling av arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde i 2020-2021 og til nødvendige kompetansehevande tiltak for å lukkast med dette.
5. Inntil kr 500.000 av fondsmidlar etter avslutning av prosjektet «merking og gradering av turløyper i Hordaland», post 400.450.20, vert avsett til fylkeskommunal eigendel i ein søknad til Gjensidigestiftelsen om midlar til Naturmøteplassen.